

Fra: Kristian Råsberg[kristian.rasberg@fjordbruk.no]
Sendt: 16.08.2016 10:17:45
Til: post@kvinnherad.kommune.no[post@kvinnherad.kommune.no]
Kopi: anbjorn.hoivik@kvinnherad.kommune.no[anbjorn.hoivik@kvinnherad.kommune.no]; Øystein Brekke [Oystein.Brekke@fjordbruk.no];
Tittel: Merknad til oppankring av tre lektarar i Klosterfjorden

Me syner til saksnr 2016/2759 om oppankring av tre lektarar i Klosterfjorden.

I området som er direkte berørt av søknaden har Alsaker Fjordbruk AS/Fjelberg Fjordbruk AS to oppdrettslokalitetar; Maradalen og Rossnes. Desse to lokalitetane framgår av søknadskartet umiddelbart ved markert område for oppankring. Det er i søknaden vist at ankerlinene vil gå 5-600 m ut frå kvar av hjørnene på lektarane. Plasseringa som er synt i søknadsmaterialet er omtala som døme, og kan vera avvikande i høve til endeleg plassering. Det er i grunnlagsmaterialet òg teke atterhald om at ankerliner kan hamne utanfor markert oppankringsområde.

Det gjer det vanskeleg for oss å vurdere saka.

Me ber om at det som del av søknadsgrunnlaget vert utarbeidd/ettersent kart som syner endeleg plassering av lektarar med ankerliner. Dette for at me skal kunne ta konkret stilling til saka, og sikre oss om at det ikkje oppstår konflikt med vår aktivitet og våre forankringssystem i området.

På førehand takk!

Med venleg helsing

Kristian Råsberg
Samfunnskontakt

Alsaker Fjordbruk AS
Alsaker Brygge
Flakkavågsvegen 12
N-5694 ØNARHEIM

Tel: + 47 53 43 01 09
Mobil:: + 47 99 21 01 09

E-post: kristian.rasberg@fjordbruk.no



www.alsaker.no